



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Rådhuset Tysnes kommune  
**Dato:** 11.10.2019  
**Tidspunkt:** 10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Britt Sørensen Dalsgård  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 29/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 30/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 31/19	Orienteringssak om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste		2018/27
PS 32/19	Forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie og omsorgstenestene - statusmelding		2019/21
PS 33/19	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden		2015/195
PS 34/19	Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Bestilling av prosjektplan		2015/196
PS 35/19	Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 - bestilling av prosjektplan		2015/197
PS 36/19	Budsjett 2020 for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysnes kommune		2016/45
PS 37/19	Konkurransesgrunnlag av revisjonstenester for Tysnes kommune - forslag til konkurransegrunnlag		2014/256
PS 38/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 39/19	Referatsaker		
RS 15/19	Konkurransesutsetjing av revisjonstenester for Tysnes kommune - fullmakt til KU		2014/256
RS 16/19	Vedtak om årsmelding		2016/72
RS 17/19	Budsjettbrev frå fylkesmannen til Tysnes kommune		2016/73
RS 18/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon september 2019		2019/13
PS 40/19	Eventuelt		

**PS 29/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 30/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2018/27-31  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	31/19	11.10.2019

## Orienteringssak om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste

### Bakgrunn:

Rapport etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste låg føre til kommunestyremøte 12.12.2018, og det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan Helsestasjons – og skulehelsetenesta i Tysnes kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. At det blir etablert eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta, som omfattar alle pålagde krav knytt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda. Under dette mellom anna:
  - a. Tydeleg fordeling av roller og ansvar
  - b. System for å ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring
  - c. System for å få oversikt over område i verksemda der det er risiko for svikt eller manglar
  - d. System for å få oversikt over avvik, under dette uønska hendingar
  - e. Prosedyrar og rutinar knytt til sentrale arbeidsoppgåver
  - f. System for å gjere bruk av erfaringar frå pasientar, brukarar og pårørande
2. å avklare kva rolle psykisk helsearbeidar barn og unge skal ha i skulehelsetenesta, og kva regelverk og retningsliner vedkomande skal rette seg etter i sitt arbeid.
3. systematiske vurderingar av ressursbruken i helsestasjons- og skulehelsetenesta, for å sikre at ressursane er tilstrekkelege i forhold til dei oppgåvene som skal utførast. "
4. at barn og ungdom i Tysnes kommune vert sikra eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom
5. at skulehelsetenesta har eit systemretta samarbeid med skulane som er i samsvar med anbefalingane i nasjonale faglege retningsliner.
6. at sterke anbefalingar i nasjonale faglege retningsliner blir etterlevd, og sørgjer for at eventuelle avvik blir grunngitt og dokumentert.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

7. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

#### **Drøfting:**

Arbeid med oppfølging av tilrådingar frå revisor, som er vedteke av kommunestyret, har starta. Tenesteutvalet hadde sak vedr. «Forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelsetenesta» til handsaming i møte 29.01.19. Saksframlegget til tenesteutvalet blei lagt fram som referatsak til møte i kontrollutvalet 01.04.19. Det blei gjort slikt vedtak i tenesteutvalet:

- *«Framlegg til prosjektmandat med tilhøyrande framdriftsplan vert vedteke. Tenesteutvalet tek elles saka til orientering.»*

I pkt. 7 i vedtaket frå kommunestyret står at det skal lagast ein handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.19 som viser kva tiltak som skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga. Sekretariatet har sendt henvending til administrasjonen ved rådmann om handlingsplan kan leggest fram for kontrollutvalet i møte 23.05.19. Rådmann har svara slik tilbake:

*«Me kan delta i møte og gje ei orientering der me er no.*

*Me har hatt ein del sjukefråvær og står også føre utskiftingar av personell i tenesta i den seinare tid og har ut frå det ikkje utarbeidd ein detaljert handlingsplan, det er viktig for oss at dei føringane som følgjer av forvaltningsrevisjonen blir utarbeidd og utvikla i samråd med dei som skal arbeida i tenesta vidare, og ikkje av tilfeldige vikarar.*

*I påvente av dette har me lukka avvik knytt til tenester slik som elevsamtaler, styring og helsestasjon for ungdom med vidare. Me kan orientera om denne delen av arbeidet og vidare arbeid.»*

Kontrollutvalet hadde oppfølgingsarbeidet til handsaming i møte 23.05.2019 PS 21/19, der dette vart protokollert:

*«Utvalseiar innleia med opplysning om at det er kome inn eit brev til kontrollutvalet. Brevet kom til utvalseiar utpå dagen 21.05.19, og blei vidaresendt til sekretariatet 22.05.19. Sekretariatet orienterte om korleis kontrollutvalet burde handsame brevet og at det ikkje er grunnlag for å unnta det frå offentlegheit. Brevet blei sendt ut til kontrollutvalet på mail på ettermiddag 22.05.19, med kopi til rådmann og ordførar.*

*Rådmann orienterte så om stoda for oppfølgingsarbeidet. Oppvekstsjef Aud Kaldefoss var og tilstades under handsaminga av saka. I møte i tenesteutvalet 29.01.19 blei det handsama sak om «prosjektmandat for helsestasjon, skulehelseteneste og svangerskapskontroll – internkontroll», og det blei gjort vedtak om tidsramme for ferdigstilling av arbeidet. Rådmann opplyste at ein ligg omlag eit halvt år på etterskot i dette arbeidet og at det mellom anna skuldast sjukemeldingar og skifte av personell.*

*Rådmann kommenterte og forklara også nokre av punkta i det innkomne brevet og kontrollutvalet fekk koma med kommentarar og spørsmål, som blei svara på. Konklusjon etter drøfting er at kontrollutvalet ønskjer ei ny orienteringssak til neste møte som er 19.09.19. Til dette møtet ber utvalet om at det vert lagt fram handlingsplan for oppfølgingsarbeidet. Brevet som er kome inn til kontrollutvalet vert lagt ved saka. Vedtak som blei fatta var samrøystes.*

#### **Vedtak:**

1. *Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste så langt til orientering.*
2. *Kontrollutvalet ber om at ny orientering om stoda i arbeidet vert lagt fram til neste møte i kontrollutvalet 19.09.19.»*

Sekretariatet har motteke ny tilbakemelding frå administrasjonen og rådmannen. Dette er lagt med som vedlegg til saka.

Rådmannen har i notat om oppfølging (sjå vedlegg) sadfesta at kommunalsjef, einingsleiar og rådmann vil vera tilgjengeleg for å møta i kontrollutvalet. Sekretariatet har i epost til rådmannskontoret 26.09.2019, takka ja til dette.

### **Konklusjon:**

Orienteringssaka vert lagt fram for kontrollutvalet. Sekretariatet rår igjen til at utvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet til orientering, og at ein ber om ei ny orientering, til døme til første møtet i 2020.

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om ny orientering til første møtet i 2020.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Notat frå rådmannen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste - datert 11.09.2019
- 2 Oppfølgingskjema - forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste
- 3 Saksframlegg gjeldande forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste til kommunestyret og tenesteutvalet
- 4 Prosjektmandat for helsestasjon, skulehelseteneste og svangerskapsomsorg - internkontroll
- 5 Besøksdagar Onarheim skule
- 6 Besøksdagar Uggdal skule



## TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 970 46 500

Kontrollutvalet

UGGDAL, 11.09.2019

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
18/294-16	5194/19	103	TK//STDAL	

### FORVALTNINGSREVISJON AV HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTA NOTAT OM OPPFØLGING

Det vert vist til rapport frå forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelsetenesta og kontrollutvalet sitt møte der det vert bede om status opp mot oppfølging.

Kontrollutvalet er kjent med at det i januar d.å. vart lagt fram eit prosjektmandat som tar sikte på å sikra ei fullverdig lukking av avvika som er avdekka. Prosjektet tar sikte på å utarbeida eit samla IK system for tenesta, gjennomføra ei samspelsanalyse for å sikra gode grensesnitt mot andre tenester og sikra eit betre analyse av tilgjengelege ressursar og eventuell trong for tildeling av vidare ressursar. I utgangspunktet var det tenkt at prosjektet skulle sikra at desse tilhøva vart avklara og at det vart lagt fram ein samla sak for kommunestyre i desembermøte. Den formelle delen av oppfølgingsarbeidet har vore vanskeleg å starte ettersom det har vore store utskiftingar og i periodar fråvære av personal. Når dei som skal driva tenestene fast er på plass, ser ein for seg at arbeidet med å etablere prosedyrar og oppgåveavklaringar kan starta i løpet av hausten.

Til dette føremålet har ein etablert samarbeid med nabokommunar, og ein vil i tillegg leige inn konsulentressurs til å rettleie og følgje opp dette arbeidet.

Det er likevel ein del avvik knytt til tenesta som det har vore trong for å gjera umiddelbare løysingar til, dette gjeld mellom anna manglande tilbod om helsestasjon for ungdom, tilgjenge i skulehelsetenesta, samarbeid med skule på systemnivå og rapportering, oppfølging og korrigering. I høve desse punkta er det då iversett tiltak for å lukka avvik fram til det vert etablert eit heilskapleg system for kvalitetsarbeid. Dette er i noko mot orientert om tidlegare, men nokre hovudpunkt kan gjentakast:

- Det har frå januar 2019 vore gjennomført faste møter i eining barn og familie kvar 3. veke, der ulike faglege tema har vore spelt inn og drøfta. Etter ferieavvikling og endringar på personalsida, er første møte for hausten planlagt 26.09.2019
- Frå januar 2019, har det vore etablert faste vekentlege møte mellom einingsleiar og ansvarlege for dei ulike tenestene, Helsestasjon, jordmor og psykisk helsearbeidar for

barn og unge. Etter endringar i personalsituasjonen og ferieavvikling, er møta iverksett att frå veke 37. Møta skal sikra tilstrekkeleg styringsinformasjon og høve til å følgja opp og eventuelt korrigera kursen.

- Treffstaden for ungdom har vore i drift med opningstid ein gong pr veke frå 4. februar 2019. Tilbodet er frå hausten 2019 endra frå måndag til tysdag. I tillegg vert det utvida med tilbod om halvårleg treff for elevar som er gått ut av ungdomsskulen.
- I høve helsestasjon for ungdom har det vore eit tilbod kvar veke frå kl. 14 til kl. 16. Tenesta har vore bemanna av turnuslege. Ein ser frå hausten av på alternative moglegheiter for å gjere tilbodet meir tilgjengelig og attraktivt for ungdomane i kommunen, mellom anna vil ein vurdere anna lokasjon og endra opningstider. Ein vil jobba for å marknadsføra det endra tilbodet når dette er avklart.
- Skulehelsetenesta har hatt faste dagar på dei respektive skulane, og med den nye vikaren på plass, vil ein få på plass eit tilsvarande tilbod som tidlegare. Uggdal skule har vore bemanna kvar fredag, Tysnes skule tysdag og onsdag, og Onarheim skule ein dag pr. mnd.
- Det er innført faste samarbeidsmøter mellom skulehelsetenesta, psykisk helsearbeidar og sosiallærer på Tysnes skule for å sikra involvering og faglege innspel i skulen sitt systemarbeid.
- Skulehelsetenesta og psykisk helsearbeidar er invitert til å ta del i skulane sine satsingar for å betra det psykososiale læringsmiljøet gjennom Olweus prosjektet.

#### Ressurssituasjonen ved helsestasjons- og skulehelsetenesta:

Frå 26 august, har Camilla Søreide Helland teke til i stilling som 100 % fast helsesjukepleiar.

Helsesjukepleiar i 80 %, sluttar i kommunen 13 september. Her er det allereie på plass vikarressursar ut året, med helsesjukepleiar i 60 % vikariat og familierettleiar/psykiatrisk sjukepleiar i 40 % vikariat ut året. Det vert parallellt arbeid med rekruttering til stillinga noko som m.a. vart teke opp i tenesteutvalet sitt møte 3. september.

Psykisk helsearbeidar har faste dagar på Tysnes skule måndag og torsdag. Uggdal og Onarheim skule etter avtale.

Kommunalsjef, einingsleiar og rådmann vil vera tilgjengeleg for å møta i Kontrollutvalet for å avklare spørsmål og orientere nærare dersom det er trong for det.



Med helsing  
Tysnes kommune

---

Steinar Dalland  
rådmann

---

Aud Kaldefoss  
Kommunalsjef oppvekst

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*

Vedlegg: OPPFØLGING REVISJON  
FORVALTNINGSREVISJON AV HELSESTASJON OG  
SKULEHELSETENESTA  
PROSJEKTMANDAT  
BESØKSDAGAR ONARHEIM SKULE  
BESØKSDAGAR UGGDAL SKULE

Oppfølgingspunkt	Tiltak	Status	Andre tiltak	Status/framdrift	Ansvar
1. At det blir etablert eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta, som omfattar alle pålagde krav knytt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda.	Følgjer vedteke prosjektmandat	Forseinka som følgje av utskiftingar i personell	Nytt IK system for heile verksemda	Vert arbeidd med kravspesifikasjon, budsjett 2020.	Rådmann.
			Faste rapporteringsmøter for å sikra gjennomføring, evaluering og korrigering	Iversett per jan. 2019	Einingsleiar
2. å avklare kva rolle psykisk helsearbeidar barn og unge skal ha i skulehelsetenesta, og kva regelverk og retningsliner vedkomande skal rette seg etter i sitt arbeid.	Følgjer vedteke prosjektmandat, det skal gjerast ei samspelsanalyse og avklarast her	Forseinka som følgje av utskiftingar i personell	Stillingsinstruks er oppdatert per jan. 2019	Iverksatt per jan. 2019	Einingsleiar
			Faste samarbeidsmøte med tenestene i skule, psykisk helse og skulehelse.	Iverkssatt per januar 2019, møtepkt mellom sosiallærar, skulehelseteneste og psykisk helse	Einingsleiar og rektor
			Faste samarbeidsmøter mellom ulikt personell i tenesta og einingsleiar for styring av ressursar	Iverksatt per jan. 2019	Einingsleiar

<p><b>3. systematiske vurderingar av ressursbruken i helsestasjons- og skulehelsetenesta, for å sikre at ressursane er tilstrekkelege i forhold til dei oppgåvene som skal utførast.</b></p>	<p>Følgjer vedteke prosjektmandat, det skal gjerast ei samspelsanalyse og avklarast her</p>	<p>Forseinka som følgje av utskiftingar i personell</p>	<p>Er tilført meir ressursar gjennom prosjektmidlar.</p> <p>Systematisk analyse basert på kunnskap om statistikk og avvik.</p>	<p>Er utført per 2018</p> <p>Vert utført i samband med budsjett og elles fortløpande</p>	<p>Kommunalsjef</p> <p>Rådmann</p>
<p><b>4. at barn og ungdom i Tysnes kommune vert sikra eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom</b></p>	<p>Følgjer vedteke prosjektmandat, det skal gjerast ei samspelsanalyse og avklarast her</p>	<p>Forseinka som følgje av utskiftingar i personell</p>	<p>Er innført faste dagar i skulen for helsesjukepleiar på alle skular</p> <p>Helsestasjon for ungdom</p>	<p>Ok per januar 2019</p> <p>Ope kvar torsdag frå 1400-1600</p>	<p>Einingsleiar</p> <p>Einingsleiar</p>
<p><b>5. at skulehelsetenesta har eit systemretta samarbeid med skulane som er i samsvar med anbefalingane i nasjonale faglege retningslinjer.</b></p>	<p>Følgjer vedteke prosjektmandat, det skal gjerast ei samspelsanalyse og avklarast her</p>	<p>Forseinka som følgje av utskiftingar i personell</p>	<p>Auka tilgjenge, open dør</p> <p>Faste møter på skulen for å sikra systeminnverknad</p>	<p>Iverksett, sjå over</p> <p>Iverksett sjå over.</p>	
<p><b>6. at sterke anbefalingar i nasjonale faglege retningslinjer blir etterlevd, og sørgjer for at eventuelle avvik blir grunnitt og dokumentert.</b></p>	<p>Følgjer vedteke prosjektmandat, det skal gjerast ei samspelsanalyse og avklarast her</p>	<p>Forseinka som følgje av utskiftingar i personell</p>	<p>Er iverksett tiltak for å lukka avvik opp mot sterke tilrådingar sjå ovanfor</p>	<p>Kontinuerleg arbeid for å oppdatere og følgje opp tilrådingar</p>	<p>Einingsleiar</p>

**Å laga ein proritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.**

I all hovudssak følgjer denne prosjektmandatet som er utarbeidd for vidare oppfølging, utfordringa har då vore ressursar for gjennomføring. Strakstiltak er iverksett for å sikra at vesentlege avvik i tenesteleveransen vert lukka utan vidare opphald.

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

Arkivsak : 18/294 -  
Arkivkode: 103

Sakshandsamar: Aud Kaldefoss

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 45/18	KOMMUNESTYRET	12.12.2018
PS 6/19	TENESTEUTVALET	29.01.2019

### FORVALTNINGSREVISJON AV HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTA

#### Vedlegg:

Prosjektmandat skulehelsetenesta  
Besøksdagar Onarheim skule  
Besøksdagar uggdal skule

#### SAKSUTGREIING:

#### Oppfølging av forvaltningsrevisjon med helsestasjon og skulehelseteneste i Tysnes kommune.

##### *Interne tiltak for å skape struktur og styring:*

Frå januar 2019, er det blitt fastsett faste møtepunkt med alle tilsette i eining barn og familie (Helsestasjon/skulehelseteneste, psykisk helse for born og unge og barnevern). Det er fastsett møte i eininga kvar 3 veke gjennom heile våren. Første einingsmøte vart avholdt 23.01.2019. Der var alle tenestene representert.

Vidare er det iverksett vekentlege treffpunkt med alle ansvarlege for kvar teneste(jordmor, leiande helsesøster, psykisk helsearbeidar og einingsleiar/barnevernleiar), der det blir gjennomført «kontormøte» kvar måndag. Her ser ein på den totale ressursituasjonen til ei kvar tid og fordeler ansvar/oppgåver der dette er uklårt. Første møte var gjennomført 28.01.2019.

##### *Ressursituasjonen ved helsestasjons- og skulehelsetenesta:*

I 2017 var det søkt helsedirektoratet om styrking av helsestasjon/skulehelsetenesta. Tysnes kommune fekk tilsagn om midlar for 2018 tilsvarande ei 50% stilling. Dette styrkinga har blitt brukt til å auke stillinga til ei av helsesøstrene frå 50% til 80% stilling for eit år ( til 31.08.2019?). Det er pr 15.01.2018 søkt om vidareføring av denne styrkinga for 2019. Ressursituasjonen ved helsestasjons- og skulehelsetenesta er slik at helsesjukepleiar i 80% stilling er dedikert til skulehelsetenesta frå januar 2019. I samråd og etter avtale med skulane er det sett opp faste dagar på den enkelte skule.

Skulehelsetenesta er til stades på Tysnes skule onsdagar og eller tysdagar/torsdagar.

Skulehelsetenesta har fast dag på Uggdal skule som er fredagar. På Onarheim skule er det avtalt ein torsdag pr mnd. Sjå elles vedlagt oversikt sendt ut til skulane.

På grunn av ressursstasjonen ved helsestasjons- og skulehelsetenesta i haust, der begge helsesøstrene var sjukemeldte i ein periode, er det naturleg eit visst etterslep som pregar drifta av tenesta endå.

Ein står ovanfor ei ny utfordring med ei helsesøster som skal ut i planlangt fråvere frå 31.01.2019. Det vert arbeidd aktivt med å skaffe vikar inn i dette fråværet.

#### *Helsestasjon for ungdom.*

I høve helsestasjon for ungdom er ressursfordeling på plass, det er avklart at ein skal nytte turnuslegen fast til dette tilbodet, og vidare at helsesøstre deler på ansvaret seg imellom ved at dei er annakvar veke til stades. Det er lagt opp ein plan for opningstider som er ein gong i veka kl 14-16. Tiltaket var tenkt effektivt frå februar 2019, men er ikkje iverksett grunna sjukemelding hos kommunelege.

#### *«Treffstaden for ungdom».*

Treffstaden for ungdom vil vere i drift att frå 4 februar 2019. Dette tiltaket har vore knytt opp til psykisk helsearbeidar si stilling tidlegare. Ein ser no på ei ny ressursfordeling slik at fleire aktørar har «medansvar» og slik at det ikkje skal vere like sårbart i framtida. Barneverntenesta omdisponerer delar av sine ressursar og har lagt til tiltaksarbeider å ha medansvar for Treffstaden som ein del av barenverntenesta sitt forebyggjande arbeid. Det blir lagt opp til ei «rulling» mellom skule, barnevern, helsestasjon, psykisk helse og frivillighetsentralen for å få på plass eit stabilt tilbod til ungdomane. I tillegg ser ein på moglegheiten til å utvide tilbodet til også gjelde enkelte kveldar.

For vidare oppfølging av forvaltningsrevisjonen, viser me til vedlagte prosjektnotat.

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Framlegg til prosjektmandat med tilhøyrande framdriftsplan vert vedteke.

Tenesteutvalet tek elles saka til orientering.

#### **VEDTAK I TENESTEUTVALET 29.01.2019:**

I samsvar med innstilling.

# **Prosjektmandat**

for

**Helsestasjon,  
skulehelseteneste og  
svangerskapsomsorg.**

**Internkontroll**

## 1 BAKGRUNN

I samband med forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelsetenesta gjennomført i 2018, jf. kommunestyre si sak 45/18, er det avdekkede vesentlege manglar knytt til helsestasjons- og skulehelsetenesta. Nokre av avvika er spørsmål knytt til faktisk tenesteleveranse, men det grunnleggjande avviket er knytt til styringssystem og oppfølging av tenesta.

Kommunestyre har gjennom sitt vedtak i saka gjeve rådmannen om å syta for:

1. At det blir etablert eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta, som omfattar alle pålagde krav knytt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda.

Under dette mellom anna:

- a. Tydeleg fordeling av roller og ansvar
  - b. System for å ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring
  - c. System for å få oversikt over område i verksemda der det er risiko for svikt eller manglar
  - d. System for å få oversikt over avvik, under dette uønska hendingar
  - e. Prosedyrar og rutinar knytt til sentrale arbeidsoppgåver
  - f. System for å gjere bruk av erfaringar frå pasientar, brukarar og pårørande
2. å avklare kva rolle psykisk helsearbeidar barn og unge skal ha i skulehelsetenesta, og kva regelverk og retningsliner vedkomande skal rette seg etter i sitt arbeid.
  3. systematiske vurderingar av ressursbruken i helsestasjons- og skulehelsetenesta, for å sikre at ressursane er tilstrekkelege i forhold til dei oppgåvene som skal utførast.
  4. at barn og ungdom i Tysnes kommune vert sikra eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom
  5. at skulehelsetenesta har eit systemretta samarbeid med skulane som er i samsvar med anbefalingane i nasjonale faglege retningsliner.
  6. at sterke anbefalingar i nasjonale faglege retningsliner blir etterlevd, og sørgjer for at eventuelle avvik blir grunngitt og dokumentert.
  7. Å laga ein proritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Punkt 1 i kommunestyre sitt vedtak tar opp i seg også punkt 2, 3, 4, 5 og 6.

Punkt 7 vert svara opp gjennom prosjektet.

## 2 RESULTATMÅL

Prosjektet skal sikra at det blir etablert eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta, som omfattar alle pålagde krav knytt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda.

Prosjektet skal mellom anna avklara rolledeling mellom dei ovannemnde tenestene og tilstøytande tenester slik som legetenester, fysioterapi, psykisk helse for barn og unge med vidare.



Prosjektet skal byggja på grunnkompetanse og samstundes syta for at samansetning ivareteke fagområde sin tverrfaglege natur.

Prosjektmåla er vidare differensiert gjennom skildring av dei ulike delprosjekta.

### **3 EFFEKTMÅL**

Prosjektet skal sikra ei god organisatorisk og tverrfagleg forståing av helsestasjonen og skulehelsetenesta sin oppgåver og ressursar gjennom aktiv deltaking i prosjektet.

### **4 OPPDRAGSGJEVAR /STYRINGSGRUPPE**

Tenesteutvalet er oppdragsgjevar for prosjektet.

Kommunestyre er prosjekteigar.

Rådmannen er prosjektansvarleg.

### **5 OPPGÅVER OG ORGANISERING**

#### **5.1 Prosjektorganisasjon**


Arbeidet vert organisert som eit prosjekt med tre delprosjekt:

Delprosjekt 1: Helsestasjon

Delprosjekt 2: Skulehelseteneste

Delprosjekt 3: Svangerskapsomsorg

Dei tre ulike delprosjekta vert administrert gjennom ei felles prosjektgruppe som har ansvar for at me sikrar dei indre avhengigheitene og samordning av tenesta.



Nærare om mål og milepælar i prosjektet:

1. Kategorisere alle oppgåver utført innan det einskilde fagområde innan kategoriar må, bør og kan.
  - a. Under dette peike på lovheimel for dei aktuelle oppgåvene
  - b. Skildre om oppgåvene er sykliske og tilfeldige
  - c. Plassere alle sykliske oppgåver inn i eit årshjul
  - d. Gje eit omtrentleg anslag av ressursbruk knytt til ulike oppgåver
  - e. Gjennomføre ROS analyse av alle oppgåver og prosesser etter vedlagt mal.
  
2. Etablere rutiner for alle oppgåver etter vedlagt mal
  - i. Forfatter
  - ii. Tid for oppretting
  - iii. Tid for rullering
  - iv. Føremål og lovgrunnlag
  - v. Målgruppe
  - vi. Ansvar
  - vii. Aktivitet/skildring
  - viii. Bilete/illustrasjonar
  - ix. Avvikshandtering/rapportering
  - x. Vedlegg
  - xi. Kompetanse
  - xii. Referanser
  - xiii. Utstyr
  - b. Det vert føresett at me nyttiggjer oss av kjente IK system for tenesteområda
  
3. Gjera ei systemskildring som viser samspel mellom ulike faggrupper, brukarar og viktige referansegrupper

4. Stillingsskildringar som tar utgangspunkt i føregåande punkt og eintydig slår fast ansvarsforhold.
5. Etablera eit fast rapporteringsystem som ivaretek leiinga sine krav til kontroll og styring

## 5.2 Styringsgruppe.

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for prosjektet. Styringsgruppa stiller krav til framdrift, står for oppfølging undervegs og stiller krav til resultat. Styringsgruppa er ansvarleg for at prosjektet til ei kvar tid har naudsynte ressursar til disposisjon og for at prosjektet får naudsynt status og ressursar.

Styringsgruppa skal ha ei månadleg skriftleg rapport om framdrift i arbeidet.

Styringsgruppa skal ha rapportering i fysisk møte for alle punkta som er ført i framdriftsplan under punkt 8.

Styringsgruppa har slik samansetning:

Aud Kaldefoss	kommunalsjef oppvekst
Hildur Heie	kommunalsjef helse og sosial
Anita Midttun	kommuneoverlege
Steinar Dalland	rådmann/prosjektansvarleg

Prosjektansvarleg er ansvarleg for kvalitet og framdrift i prosjektet andsynes oppdragsgjevar og prosjekteigar.

Prosjektansvarleg har ansvar for at oppdragsgjevar får forløpande informasjon om prosjektet.

## 5.3 Prosjektleder

Prosjektleder har den daglege styringa av arbeidet og skal sikra at prosjektet har føresett framdrift og at vedtakspunkt vert løfta fram for styringsgruppa. Prosjektleder har instruksjonsrett ovanfor delprosjektledarane med omsyn til framdrift og produksjon.

Prosjektleder har vedtaksansvar i prosjektgruppa og styring over dei samla ressursane prosjektet er stilt til rådvelde.

Prosjektleder har møterett og skal ha fortløpande informasjon om alle møter gjennomført i dei ulike delprosjekta

Prosjektleder er: Ingvild A. Hustad einingsleder barn og familie.

## 5.4 Delprosjektleder

Delprosjektleder for kvart av delprosjekta er ansvarleg for sine delprosjekt og underlagt prosjektleder sin direkte instruksjon. Delprosjektleder skal svara opp tinginga innan sitt område innanfor dei rammer som er stilt til rådvelde.

Delprosjektleder Helsestasjon

Aslaug Singelstad

leiande helsesøster

Delprosjektleder skulehelsetenesta	Snefrid Trondsen	helsesøster
Delprosjektleder svangerskapsomsorg	Hilde Grindevoll	jordmor

#### 5.4.1 Prosjektgruppe:

Prosjektgruppa har det overordna ansvar for å sikre at det ikkje er blindsoner mellom dei ulike delprosjekta som inneber at eit samla kvalitetssystem frå feil.

Gruppa har slik samansetning:

Ingvild A. Hustad	einingsleder barn og familie
Aslaug Singelstad	leiande helsesøster
Snefrid Trondsen	helsesøster
Hilde Grindevoll	jordmor
Betsy Nikolaisen	psykisk helsearbeidar for barn og unge
Kari Pettersen	rektor Tysnes skule

Delgruppe Helsestasjon

Aslaug Singelstad	leiande helsesøster
Representant frå legekontor	
Anne Opdal	kommunefysioterapeut
Solfrid Burkeland Smith	representant frå barnevern

Delgruppe Skulehelseteneste

Snefrid Trondsen	helsesøster
Anne Oppdal	kommunefysioterapeut
Betsy Nikolaisen	psykisk helsearbeidar for barn og unge
Sosiallærer	sosiallærer Tysnes skule
Bente Raknes	rektor Uggdal skule

Delgruppe Barselsgruppe

Hilde Grindevoll	jordmor
Representant frå legekontor	
Representant barnevern	
Representant ROP (rus og psykiatri) team	

#### 4.3.2. Referansegruppe

Det vert å oppretta og nyttiggjera seg av etablerte referansegrupper der dette er naturleg, av relevante referansegrupper tenkjer me oss brukarrepresentantar (eks. FAU, elevråd, ungdomsråd m.v.) og representantar frå tilstøtande tenester som ikkje er direkte involvert i prosjektarbeidet.

## 6 KRITISKE SUKSESSFaktorAR FOR PROsjEKtET

- God planlegging av hovud- og delaktivitetar i prosjektet.
- Korte og komprimerte prosessar knytt til milepælar
- Jamn rapportering til styringsgruppe og politisk nivå.
- Avsetjing av tid til arbeidet


- Forankring i leiinga i kommunen
- God utnytting av eksisterande kunnskap og erfaringar frå tilsvarande verksemdar.
- Vilje til å gjera naudsynte endringar.

## 7 ØKONOMI OG RAMMEVILKÅR

Arbeidet må følgjast opp innan eksisterande rammer og vil for kortare tid føre til prioriteringar der noko andre oppgåver vert svekka.

## 8 TIDSRAMME OG FERDIGSTILLING

Det vert sett opp ein slik tidsplan for prosessen:



## Helsesjukepleiar (helsesøster) på Onarheim skule våren -19

Eg sit på kontoret innafor lærargarderoben.



Torsdag 24. januar kl. 10.00 - 13.30

Torsdag 21. februar kl. 09.00 – 13.00

Torsdag 21. mars kl. 09.00 – 13.00

Torsdag 4. april kl. 09.00 – 13.00

Torsdag 2. mai kl. 09.00 – 13.00

Torsdag 13. juni kl. 09.00 – 13.00

Helsing Snefrid Trondsen

415 61 740

## Helsesjukepleiar (helesøster) på Uggdal skule våren 2019

Fredag 4. januar 08.30-13.30

Fredag 11. januar 08.30-12.00

Fredag 25. januar 08.30- 13.30

Fredag 1. februar 08.30-13.30

Fredag 8. februar 08.30 – 13.30

Fredag 15. februar 08.30- 13.30

Fredag 22. februar 08.30 – 13.30

Fredag 8. mars 08.30 -13.30

Fredag 15. mars 08.30-13.30

Fredag 22. mars 08.30 -13.30

Fredag 29. mars 08.30- 13.030

Fredag 5. april 08.30-13.30

Fredag 12. april 08.30 -13.30

Fredag 26. april 08.30-13.30

Fredag 3. mai 08.30 – 13.30

Fredag 10. mai 08.30 – 13.30

Fredag 24. mai 08.30 – 13.30

Fredag 7. juni 08.30- 13.30

Fredag 14. juni 08.30 – 13.30



**Eg sit på møterommet ved sida av rektor sitt kontor.**

**Helsing Snefrid Trondsen**

**53427087 eller 415 61 740**



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2019/21-28  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	32/19	11.10.2019

## Forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie og omsorgstenestene - statusmelding

### 1. Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 01.04.2019, sak PS 14/19:

«Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber med dette Deloitte AS om å gjennomføra forvaltningsrevisjon av kvalitet og etterleving av rutinar og regleverk innan pleie- og omsorgstenestene. Forslag til prosjektplan vert godkjent med dei endringar som kom fram i møtet.*
2. *Ny korrigert prosjektplan og justert timebudsjett vert å senda sekretariatet innan 08.04.19.*
3. *Etter at korrigert prosjektplan og justert timebudsjett er sendt til kontrollutvalet for uttale, får utvalseiar i samråd med sekretariat fullmakt til å endeleg godkjenna prosjektplan og timebudsjett.*
4. *Opsjon på timeforbruk på inntil 6 timar for presentasjon av forvaltningsrevisjonsrapporten for kommunestyret vert og godkjent.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er klar frå Deloitte si side innan 15.11.19. Rapporten skal då vera ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeida.»*

### **Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:**

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om Tysnes kommune har organisert pleie- og omsorgstenestene på ein hensiktsmessig måte for å ivareta hjelpebehova til brukarane, samt om kommunen har system og rutinar som bidrar til å sikre tilfredsstillande saksbehandling ved vurdering av rett til pleie- og omsorgstenester. Det er også eit føremål å undersøke om det er etablert hensiktsmessige system for samhandling mellom kommunen og helseføretak.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgende problemstillinger:**

1. Har kommunen etablert **system og rutinar for å sikre god saksbehandling** av søknadar om pleie- og omsorgstenester (sjukeheimplass og heimetenester)? Under dette:
  - a) I kva grad har kommunen gode rutinar for å vurdere brukarane sine behov når det blir fatta vedtak om sjukeheimplass og heimetenester?
  - b) I kva grad har kommunen system og rutinar som sikrar lik behandling av søknadar? Under dette
    - i) I kva grad har kommunen sakshandsamingsrutinar og malar som bidreg til å sikre at handsaminga av søknader i minst mogleg grad blir personavhengig?
    - ii) I kva grad er det etablert tydelege kriterium som skal vektleggast ved vurdering av rett til sjukeheimplass?
  - c) I kva grad blir vedtak utforma i samsvar med sentrale krav i forvaltningslova?
  
2. Er pleie- og omsorgstenestene organisert på ein hensiktsmessig måte for å sikre eit **tilfredsstillande tenestetilbod**?
  - a) I kva grad klarer kommunen å drifte KAD-tilbodet i tråd med intensjonen for etableringa?
  - b) I kva grad klarer kommunen å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus?
  - c) I kva grad er det ei hensiktsmessig fordeling mellom ulike typar institusjonsplassar i kommunen (forholdet mellom korttidsplassar og langtidsplassar)?
  - d) I kva grad har tenestene tilstrekkeleg personell med nødvendig kompetanse på jobb til ei kvar tid, og kva blir gjort for å sikre dette?
  - e) I kva grad har tenestene tilstrekkelege ressursar/kapasitet til å sikre eit forsvarleg tenestetilbod?
  - f) I kva grad har kommunen gjennomført kartleggingar for å identifisere om det er brukargrupper som ikkje får tilfredsstillande oppfølging?
  - g) I kva grad er det sett i verk tiltak for å oppnå meir ressurseffektive tenester til brukarane, til dømes bruk av velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering?
  - h) I kva grad er det etablert tilfredsstillande rutinar for melding og oppfølging av avvik i tenestene?
  
3. Er det etablert eit hensiktsmessig **system for samhandling** mellom kommunen og helseføretak?
  - a) I kva grad er det etablert system og rutinar for god og sikker informasjonsutveksling med helseføretak?
  - b) I kva grad mottar kommunen i tilstrekkeleg tid og omfang informasjon frå helseføretak om pasientar sine behov etter utskriving?
  - c) I kva grad opplever kommunen utfordringar knytt til reinnlegging av pasientar på sjukehus?
  - d) I kva grad blir det meldt avvik knytt til informasjonsutveksling mellom kommunen og helseføretak, og i kva grad blir ev.avvik følgt opp og rapportert tilbake om på ein systematisk måte?

## **2.Drøfting**

Deloitte vil orientere om framdrift og status i prosjektet.

## **3.Konklusjon**

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 014  
Arkivnr: 2015/195-22  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	33/19	11.10.2019

## Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden

### **Bakgrunn for saka:**

I 2016 ga Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) ut 2. utgåve av kontrollutvalsboka. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboken/id2468270/>

Boka er utarbeidd for å styrke arbeidet med eigenkontrollen i kommunane. Vi er kjent med at KMD har planar om å utarbeide ei 3. utgåve av boka som tek omsyn til endringane som kjem i ny kommunelov med forskrifter, som skal tre i kraft hausten 2019

### **Drøfting:**

Kapittel 11 i boken omhandlar "Oppfølging og evaluering" av kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen sitt arbeid. I dette kapittelet står bl.a. dette:

*«Det kan vere nyttig for kontrollutvalet å evaluere eige arbeid jamleg. Målsetjinga er å sørge for kontinuerleg læring og forbetring ved å fokusere på korleis kontrollutvalet fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon. Kontrollutvalet si samhandling med sekretariatet og revisjonen bør vere ein del av evalueringa. Evalueringa kan gjerne gjennomførast som ein dialog med revisor og sekretær, dersom dette ikkje er til hinder for at kontrollutvalet kan snakke ope og ærleg om sine erfaringar. Sentrale spørsmål vil vere om kontrollutvalet sine forventingar blir innfridde, om saker blir tilstrekkeleg førebudde og korleis samhandlinga kan bli endå betre.*

*Det kan skrivast referat frå evalueringa. Dersom ein identifiserer forbetningsområde, bør ein føreslå konkrete tiltak. Det er også viktig at kontrollutvalet sine samhandlingspartnarar får høve til å evaluere arbeidet til kontrollutvalet og kome med innspel til forbetningsområde. Både kommunestyret og administrasjonen kan ha verdifulle erfaringar som kan vere med på å gjere kontrollutvalet sitt arbeid endå betre. Å Invitere desse aktørane med på ei evaluering kan også medverke til å synleggjere og forankre kontrollutvalet sitt arbeid.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

*Når kontrollutvalsperioden går mot slutten, er det viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval. Det er ein føremon at ikkje alle medlemmene blir skifta ut, slik at ein sikrar ein viss kontinuitet i arbeidet til utvalet. Sekretariatet og revisjonen vil også vere med på å halde oppe stabilitet. Det er uansett avgjerande å etablere ein god praksis for erfaringsoverføring.»*

No er snart valperioden 2015 – 2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meining, være bra at det blir gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden i tråd med det som går fram over. Dette kan gjerast f.eks. ved at kontrollutval, sekretariat og revisjon saman drøfter aktuelle spørsmål som omhandlar evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval. Sekretariatet har utarbeidd eit skjema med forslag til spørsmål som kan brukast i ei slik evaluering. Skjemaet ligg ved. Ordførar og rådmann vil og bli invitert til å delta i evalueringa.

**Konklusjon:**

Sekretariatet rår til at det blir gjennomført ei evaluering i dette møtet. Evalueringa bør resultere i eit forslag til ev. endringar/forbetringar i rutinane som kan gjere arbeidet med eigenkontrollen i Tysnes kommune endå betre. Resultatet av evalueringa bør leggjast fram for kontrollutvalet for valperioden 2019 - 2023.

**Forslag til vedtak**

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Tysnes kommune i valperioden 2015 – 2019 vert å leggja fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet

## Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Tysnes kommune, valperioden 2015 – 2019.

Kontrollutvalet (heretter kalla KUV), ordførar, rådmann, revisor og sekretariatet vil gjennomføre evaluering av arbeidet i KUV i valperioden 2015 – 2019. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	
3	Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	
4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	
5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	
7	Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	
8	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	
13	Kontrollutvalet og henvendingar: - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde	
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera? - Tilstrekkeleg ressursar til opplæring.	
15	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?	
16	Anna	



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2015/196-29  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	34/19	11.10.2019

## Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Bestilling av prosjektplan

### Bakgrunn for saka

Ny kommunelov vart vedteken 22.06.2018 og skal i hovudsak tre i kraft frå konstituerande møte i kommunestyret som gjeld valperioden 2019 - 2023. Av § 23-3 Forvaltningsrevisjon går det frem bl.a. dette:

*«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Nytt i forhold til gjeldande kommunelov er at plan for forvaltningsrevisjon no og skal innehalda eventuelle forvaltningsrevisjonar i selskap som kommunen har eigarskap i.

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må sørgja for:

- å gjennomføra ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.
- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2020 – 2024 basert på den gjennomførte risiko og vesentlegvurderinga
- at planen blir vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.
- Fram til ny plan er vedteken vil plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 gjelda

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

**Drøfting:**

Gjennomføring av ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap, og utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon, kan gjerast av den valde revisor, sekretariatet eller anna eksternt selskap med kompetanse på området. Det som er mest vanleg i dei kommunar me er sekretariat for er å be den valde revisor, Deloitte, gjennomføra oppdraget. Deloitte har vore revisor for kommunen nokre år og kjenner organisasjonen temmeleg godt. Det gjer at dei vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføra dette arbeidet på ein god måte.

Kontrollutvalet bør og drøfta seg fram til enkelte føringar for gjennomføring av arbeidet. Slike føringar kan f.eks. vera kven som bør involverast i gjennomføringa av risiko og vesentlegvurderinga, i kor stor grad kontrollutvalet sjølv bør involverast i arbeidet, kor djupt skal analysen gå (omfanget), kor mange timar skal ein kunna bruka på jobben og når skal arbeidet leverast ferdig til kontrollutvalet for endeleg handsaming. Denne drøftinga bør munna ut i ei skisse for vidare framdrift i saka.

Det skal og utarbeidast plan for eigarskapskontroll i løpet av 2020, jf. anna sak til dette møtet, og det vil vera føremålstenleg og kostnadssparande å sjå arbeidet med utarbeiding av begge planane under eitt. Dersom ein skal dela dette arbeidet opp i eit prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt innan eigarskapskontroll, vil det truleg føra til meir ressursbruk.

**Konklusjon:**

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderingar av Tysnes kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Vidare bør prosjektplanen omfatta utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024, inkludert ressursbruk og forventa levering.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 11.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering.  
Prosjektplanen skal omfatta:
  - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Tysnes kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
  - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2020.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2015/197-35  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	35/19	11.10.2019

## Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 - bestilling av prosjektplan

### Bakgrunn for saka

Ny kommunelov vart vedteken 22.06.2018 og skal i hovudsak tre i kraft frå konstituerande møte i kommunestyret som gjeld valperioden 2019 - 2023. Av § 23-4 Eigarskapskontroll går det fram bl.a. dette:

*«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.»*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Nytt i forhold til gjeldande kommunelov er at plan for eigarskapskontroll ikkje skal innehalda forvaltningsrevisjon i selskap som kommunen har eigarskap i, men desse skal eventuelt inn i plan for forvaltningsrevisjon.

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må sørgja for:

- å gjennomføra ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap i selskap.
- å utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2020 – 2024 basert på den gjennomførte risiko og vesentlegvurderinga
- at planen blir vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.
- Fram til ny plan er vedteken vil plan for selskapskontroll 2016 – 2020 gjelda

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



**Drøfting:**

Gjennomføring av ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap i selskap, og utarbeiding av forslag til plan for eigarskapskontroll, kan gjerast av den valde revisor, sekretariatet eller anna eksternt selskap med kompetanse på området. Det som er mest vanleg i dei kommunar me er sekretariat for er å be den valde revisor, Deloitte, gjennomføra oppdraget. Deloitte har vore revisor for kommunen nokre år og kjenner organisasjonen temmeleg godt. Det gjer at dei vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføra dette arbeidet på ein god måte.

Kontrollutvalet bør og drøfta seg fram til enkelte føringar for gjennomføring av arbeidet. Slike føringar kan f.eks. vera kven som bør involverast i gjennomføringa av risiko og vesentlegvurderinga, i kor stor grad kontrollutvalet sjølv bør involverast i arbeidet, kor djupt skal analysen gå (omfanget), kor mange timar skal ein kunna bruka på jobben og når skal arbeidet leverast ferdig til kontrollutvalet for endeleg handsaming. Denne drøftinga bør munna ut i ei skisse for vidare framdrift i saka.

Det skal og utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon i løpet av 2020, jf. anna sak til dette møtet, og det vil vera føremålstenleg og kostnadssparande å sjå arbeidet med utarbeiding av begge planane under eitt. Dersom ein skal dela dette arbeidet opp i eit prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt innan eigarskapskontroll, vil det truleg føra til meir ressursbruk.

**Konklusjon:**

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderingar av Tysnes kommune sine eigarskap i selskap. Vidare bør prosjektplanen omfatta utarbeiding av forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024, inkludert ressursbruk og forventa levering.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innen 11.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
  - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Tysnes kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
  - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggest fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for eigarskapskontroll kan leggest fram for kommunestyret i juni 2020.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151  
Arkivnr: 2016/45-68  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	36/19	11.10.2019

## Budsjett 2020 for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysnes kommune

### Bakgrunn

Stortinget har vedteke ny kommunelov 22.06.2018 og den skal i hovudsak tre i kraft frå konstituerande møte i kommunestyret for valgperioden 2019 – 2023. På bakgrunn av denne vedtok KMD 17.06.2019 ny forskrift om kontrollutvalg og revisjon som i sin heilheit skal tre i kraft frå konstituerande møte i ny valperiode.

Av denne kjem det fram dette av § 2 Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet:

*«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»*

### Drøfting

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekke både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. For 2020 kjem og i tillegg planarbeid (sjå nedanfor), som skal utførast første år etter kommunevalet.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet – særleg viktig etter nyval - og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeida ein plan som syner på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner, jf. ny kommunelov § 23-3. Denne skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Videre skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeida plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast, jf. ny kommunelov § 23-4. Denne skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap. Det normale er at kontrollutvalet får bistand frå revisor i dette arbeidet og det bør difor setjast av ekstra ressursar til å få gjennomført dette arbeidet i 2020, som er første året i ny valperiode.

Det er vanleg at medlemmane i kontrollutvalet deltek på folkevaldopplæringa spesielt retta mot arbeidet i kontrollutvalet i starten av det første året i ny valperiode. Sekretariat for kontrollutvalet har planlagt ei slik samling i februar 2020 og det er lagt inn kostnader som kan dekke dette.

Pris for sekretariatstenesten for kontrollutvalet er konsumprisregulert og lagt inn i tråd med avtale mellom Tysnes kommune og Hordaland fylkeskommune.

### **Konklusjon**

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegget til budsjett. Budsjettframlegget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysnes kommune.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2020.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Budsjettforslag 2020 for kontrollutvalet

## Budsjettforslag for kontrollutvalet i Tysnes kommune for 2020

Konto	Tekst	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
10800	Godtgjersle folkevalde	kr 16 133	kr 23 656	kr 24 448
	Tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 10 000	kr 10 000
	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 1 200	kr 1 200
	Delsum	<b>kr 16 133</b>	<b>kr 34 856</b>	<b>kr 35 648</b>
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 1 710	kr 3 695	kr 3 779
	Delsum	<b>kr 17 843</b>	<b>kr 38 551</b>	<b>kr 39 427</b>
11001	Abonnement og faglitteratur	kr 15 375	kr 10 300	kr 11 500
11150	Matvarer / servering	kr 1 586	kr 3 000	kr 3 000
11500	Opplær./kursutg./folkev.opplæring	kr 2 709	kr -	kr 20 000
11600	Skyss- og kostgodtgjøring	kr -	kr -	kr 5 000
11955	Kontingentar	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500
13300	Kjøp av sekretariatstenester	kr 140 243	kr 140 125	kr 143 885
13700	Revisjonstenester	kr 434 375	kr 525 810	kr 697 591
12700	Ekstra tiltaksmidl./konsulenttenester	kr -	kr 30 000	kr -
	Delsum	<b>kr 597 788</b>	<b>kr 712 735</b>	<b>kr 884 476</b>
14290	Meirverdiavgift	kr 144 401	kr 177 009	kr 219 294
17290	Moms-kompensasjon	kr -144 401	kr -177 009	kr -219 294
17900	Internsal	kr -	kr -	kr -
	Total budsjetttramme	<b>kr 615 631</b>	<b>kr 751 286</b>	<b>kr 923 903</b>



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 601  
Arkivnr: 2014/256-44  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	37/19	11.10.2019

## Konkurransesgrunnlag av revisjonstenester for Tysnes kommune - forslag til konkurransegrunnlag

### Bakgrunn for saken:

Noværande avtaleperiode for revisjonstenester for Tysnes kommune er vedteke å gjelde til og med rekningsåret 2019 er revidert, det vil seia til og med 30.6.2020. Frå 1.7.2020 skal revisor for ny avtaleperiode vere på plass.

Kommunestyret har i møte 18.06.2019, PS 25/2019, vedteke at kontrollutvalet kan starta prosess med konkurranseutsetjing:

*«Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020.*

*Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:*

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument.*
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.*
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstila overfor kommunestyret på val av revisor.»*

### Drøfting:

I tråd med vedtaket over blir forslag til konkurransegrunnlag lagd fram for kontrollutvalet. Sekretariatet har saman med jurist utlånt frå innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune utarbeida forslag til konkurransegrunnlag. Kontrollutvalet må gjennomgå og ta stilling til dei aktuelle dokumenta som viser forslag til område som konkurransegrunnlaget skal omfatta, og som vert lyst ut i Doffin.

Konkurransegrunnlaget er unnateke offentlegheit etter offentleglova § 23, 3. avsnitt. Dokumenta vil bli delt ut på raudt papir og gjennomgått i møtet. Det vert tilrådd at møtet vert lukka under handsaminga av denne

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

saka med heimel i kommuneloven § 31.3, jf. offl. § 14. Det må reknas god tid for kontrollutvalet til gjennomgang og drøfting av innhaldet.

Sekretariatet skal i same periode gjennomføre konkurranseutsetting av revisjonstjenestene for Kvam kommune og Samnanger kommune, som vi og er sekretariat for. Det er ei føremon, både reint praktisk og ikkje minst økonomisk, at konkurranseutsetjing av revisjonstjenestene for kommunane Kvam og Samnanger vert gjennomført i lag med konkurranseutsetting av revisjonstjenestene for Tysnes kommune.

Ut frå røynsle frå tilsvarande arbeid tidlegare, der to eller fleire kommunar har vorre med i felles konkurranse, medgått anslagsvis 40 – 50 timar til dette arbeidet pr. kommune. Det vil gå med dobbelt så mykje timar til dette arbeidet dersom kontrollutvalet i Tysnes kommune ikkje er saman med nokon.

### **Konklusjon:**

Kontrollutvalet føretar gjennomgang av anbodsdocumenta i møtet.

### **Forslag til vedtak**

1. Framleg til konkurransegrunnlag, med dei endringar som framkom i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033  
Arkivnr: 2015/200-19  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	38/19	11.10.2019

### Gjennomgang av møteprotokollar

#### Bakgrunn

Gjennomgang av møteprotokollar og vedtak i saker frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Patrick Russel Madsen
Formannskapet	Britt Sørensen Dalsgård
Tenesteutvalet	Lorentz Lunde
Utval for landbruk og teknisk	Magne Fauskanger

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 18.06.19 og 24.09.19
- Formannskapet 05.06.19, 18.06.19 og 05.09.19
- Tenesteutvalet 04.06.19 og 03.09.19
- Utval for landbruk og teknisk 11.06.19, 18.07.19 og 03.09.19

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



## **PS 39/19 Referatsaker**

**Fra:** Kari Marie Nygard (kari.nygard@hfk.no)

**Sendt:** 26.06.2019 09:46:22

**Til:** Helge Inge Johansen

**Kopi:**

**Emne:** VS: KONKURRANSEUTSETJING AV REVISJONSTENESTER FOR TYSNES KOMMUNE - VAL AV REVISOR

**Vedlegg:** KONKURRANSEUTSETJING AV REVISJONSTENESTER FOR TYSNES KOMMUNE - VAL AV REVISOR.PDF;KONKURRANSEUTSETJING AV REVISJONSTENESTER FOR TYSNES KOMMUNE - VAL AV REVISOR.PDF

Videresender som avtalt.

Kari

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Rådmannskontoret <fsk@tysnes.kommune.no>

**Sendt:** tirsdag 25. juni 2019 14:31

**Til:** Kari Marie Nygard <kari.nygard@hfk.no>

**Emne:** KONKURRANSEUTSETJING AV REVISJONSTENESTER FOR TYSNES KOMMUNE - VAL AV REVISOR

Vår ref.: Saksnr: 19/298-5 Løpenr: 3982/19

Sakshandsamar: Ingrid Tysnes Stue

Dykkar ref.:

Oversender vedlagde dokument.

Med helsing

Ingrid Tysnes Stue

Fellestenesta



# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

---

Arkivsak : 19/298 -  
Arkivkode: 103

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 25/19	KOMMUNESTYRET	18.06.2019

### KONKURRANSEUTSETJING AV REVISJONSTENESTER FOR TYSNES KOMMUNE - VAL AV REVISOR

**Vedlegg: PARTSBREV VEDR. REVISJONSTENESTER TYSNES KOMMUNE - FULLMAKT TIL KONTROLLUTVALET VEDR. PROSESS KONKURRANSEUTSETTING**

### INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

#### HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 18.06.2019:

Ordføraren sette fram framlegg om at kommunestyret slutta seg til framlegget frå kontrollutvalet. Kommunestyre slutta seg samrøystes til framlegget.

#### VEDTAK I KOMMUNESTYRET 18.06.2019:

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkuranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen er revisor f.o.m. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbudsdokument.
- Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyre på val av revisor.



## TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Telefaks

Sekretariat for kontrollutvalet  
v/Kari Marie Nyggård  
Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

UGGDAL, 25.06.2019

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
19/298	3982/19	103	TK//STDAL	

### KONKURRANSEUTSETJING AV REVISJONSTENESTER FOR TYSNES KOMMUNE - VAL AV REVISOR

Frå møte i KOMMUNESTYRET 18.06.2019, saknr. 25/19.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

«Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen er revisor f.o.m. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument.
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- c. Vurdera mottekne tilbud og innstilla overfor kommunestyre på val av revisor.»

Med helsing  
Tysnes kommune

Steinar Dalland  
rådmann

---

Ingrid Tysnes Stue  
sekretær

Vedlegg: Samla saksframstilling

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*



## TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Telefaks

Sekretariat for kontrollutvalet  
Postboks 7900

5020 BERGEN

UGGDAL, 24.05.2019

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
19/154	3231/19	001	TK//STDAL	

### ÅRSMELDING 2018 FOR KONTROLLUTVALET I TYSNES KOMMUNE

Frå møte i KOMMUNESTYRET 14.05.2019, saknr. 13/19.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

«Kommunestyre vedtek årsmelding for kontrollutvalet i 2018 slik den ligg føre. «

Med helsing  
Tysnes kommune

Steinar Dalland  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*



Tysnes kommune,  
Rådhuset,  
5685 UGGDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## TYSNES KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2019 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 12. desember 2018.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til ein reduksjon i skatteøyret for kommunane frå 11,80 prosent i 2018 til 11,55 prosent i 2019.

### Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr 86,4 mill. i skatt på eige og inntekt for 2019.

I 2018 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 3,8 prosent. Det er i framlegget til revidert nasjonalbudsjett rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2018 til 2019 med 1,2 pro-sent.

Kommunen sitt skattenivå i 2018 var 103,6 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføringa til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skatte-nivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2019 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2019 tilsvarande 60 pro-sent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr 194,2 mill.

Inntektsprognosen for 2019 er no oppdatert med endelege innbyggjartal per 01.01.2019 og inn-komen skatt i 2018. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vera innbyggjartal per 01.01. 2019. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2018.

Dei frie inntektene i budsjettet er om lag på same nivå som i den siste inntektsprognosen. Dei frie inntektene i budsjettet blir vurderte som realistiske.



### Eigedomsskatt

Det er budsjettert med kr 10,35 mill. i eigedomsskatt for 2019. Innkomen eigedomsskatt i 2018 var kr 10,4 mill.

Eigedomsskatt er vidareført i 2019 på faste eigedomar i heile kommunen. Skattesatsen for 2019 er 3,5 promille. Det er gjennomført ein generell auke i skattegrunnlaget med 10 prosent. Grunnlaget vil også auka som følgje av at nokon fleire bustader blir omfatta. Skattesatsen er redusert frå 3,8 pro-mille i 2018 til 3,5 promille i 2019.

Pårekna eigedomsskatt for 2019 er på denne bakgrunn om lag det same som innkomen skatt i fjor. Budsjettert eigedomsskatt blir vurdert som realistisk.

### Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 3,0 prosent. I dette inngår pårekna lønsvekst med 3,2 prosent.

### Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vera at år-lege låneavdrag som eit minimum må utgjera om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda ( når formidlings-lån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med ). Vi vil rå kommunen til at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettert med kr 9,1 mill. i ordinære avdrag ( utanom avdrag på formidlingslån ). Dei budsjetterte avdraga oppfyller det tilrådde minstenivået. Kommunestyret har gjort vedtak om 30 års nedbetalingstid på lån som vert teke opp i 2019.

### Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar ( inkl. inndekning av underskot ).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær, bli ført i investeringsrekneskapen.

Det er eit netto driftsoverskot i budsjettet med kr 992.000,-, som utgjør berre 0,4 prosent av driftsinntektene. Det tilrådde minstenivået er 1 ¾ prosent av driftsinntektene.

Det er eit netto driftsoverskot i rekneskapen for 2018 med kr 10,5 mill. Det utgjør 3,5 prosent av driftsinntektene i 2018.

Kommunen fekk i 2018 utbetalt kr 24,1 mill. frå Havbruksfondet. Av dette er kr 19 mill. nytta til ekstraordinær nedbetaling av lånegjeld. Den resterande delen av utbetalinga er sett av til fond. I budsjett og økonomiplan for åra 2019 og 2020 er det også planlagt å nytta størstedelen av ut-betalingane frå Havbruksfondet til ekstraordinær nedbetaling av lånegjeld.

Fylkesmannen er positiv til at kommunen nyttar størstedelen av inntektene frå Havbruksfondet til ekstraordinær nedbetaling av lånegjeld. Inntektene frå Havbruksfondet er venta å bli låge i år men høge neste år. Prinsippet om å nytta størstedelen av desse inntektene til ekstraordinær gjeldsned-betaling er viktig. Det bidreg til ein sunn økonomi over tid.

Disposisjonsfondet er kr 46,2 mill. ved utgangen av 2018. Det utgjør om lag 15 prosent av driftsinntektene i 2018. Kommunen sitt disposisjonsfond er styrka i 2018. Kommunen hadde eit oppsamla



mindreforbruk ved utgangen av 2018 med i underkant av kr 13,3 mill. Vi rår til at også dette blir nytta til å styrka disposisjonsfondet.

Det er viktig at kommunen har eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond som driftsreserve. Kommunen må ha økonomisk grunnlag til å møte økonomiske utfordringar. I tillegg til behovet for å gjennom-føra nye investeringar i åra framover, har kommunen økonomiske utfordringar blant anna knytte til barnevern, open omsorg og grunnbemanninga innan omsorgssektoren.

#### Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2019 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 53,3 mill. Den største investeringa er i oppgradering av Tysnes skule. Denne investeringa er planlagt over åra 2019 – 2021 med ei samla prosjektramme på kr 101,0 mill. I økonomiplanperioden er det også for åra 2020 – 2022 planlagt investering i Onarheim barnehage med ei samla prosjektramme på kr 36,6 mill. (førebels estimat).

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån, kr 32,9 mill. I tillegg er investeringane planlagt finansierte med momskompensasjon, refusjon utbyggingsavtale og sal av eigedom m.m.

Det er ei tidsforskyving i utbygginga av Tysnes skule (mellomtrinn) slik at dei samla investeringane i år kjem til å bli lågare enn budsjettet.

Eigenkapitalinnskot KLP, kr 850.000,-, blir i samsvar med økonomireglane finansierte utan lån.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2017 for kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, til kr 87.055,- per innbyggjar. I det talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det til-svarande talet for kommunen var kr 101.290,-.

Kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet (utanom Oslo ) si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2017 var kr 78.511,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2018 er kr 205,7 mill., eller kr 72.300,- per innbyggjar. Kommunen si lånegjeld vart redusert vesentleg i 2018. Den langsiktige lånegjelda var ved utgangen av 2017 kr 289,4 mill. Husbanken sitt investeringstilskot (kr 54,4 mill. av kr 63 mill.) til nytt omsorgssenter er nytta til å betala ned på det tilhøyrande lånet. Dessutan har kommunen som nemnd nytta størstedelen av inntektene frå Havbruksfondet i 2018 (kr 19 mill. av kr 24 mill.) til ekstra gjeldsnedbetaling.

#### Oppsummering

Det er viktig at kommunen vidarefører eit moderat gjeldsnivå og eit tilfredsstillande stort disposisjonsfond som driftsreserve. I tillegg til behovet for å gjennomføra nye investeringar, har kommunen økonomiske utfordringar blant anna knytte til barnevern og innan omsorgssektoren.

Kommunen bør handtera komande inntekter frå Havbruksfondet i samsvar med praksisen i 2018. Størstedelen av inntektene bør nyttast til ekstraordinær nedbetaling av lånegjeld. Det bidreg til eit moderat gjeldsnivå og til at kommunen har rom for å finansiera nye investeringar. I økonomiplan-perioden er det planlagt investering både i skule og barnehage m.m.

Kommunen si økonomiforvaltning må bli vurdert som god.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
avdelingsdirektør





*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Fra:** Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt@fkt.no)

**Sendt:** 05.09.2019 11:37:00

**Til:** Forum for Kontroll og Tilsyn

**Kopi:**

**Emne:** Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon september 2019

**Vedlegg:**

Kjære medlemmer,



Det viktigste som skjer denne høsten er selvfølgelig kommune- og fylkestingsvalget. Nye kontrollutvalg skal velges og læres opp!

**Opplæringspakke:**

- FKT har laget en opplæringspakke/samling av pp-presentasjoner som vi vil sende ut til medlemssekretariatene ganske snart. Her kan man velge presentasjoner og tilpasse som man ønsker. Dette vil også bli lagt ut på medlemssidene til FKT.
- Det kan også være verdt å notere seg allerede nå at vi vil tilby et eget dagskurs for kontrollutvalgsledere «**KU-lederskolen**» i uke 17 2020. Her vil vi gå dypere inn i den viktige rollen det er å være KU-leder.
- I tillegg til dette har vi sendt oppfordring til alle kommuner om at hele kontrollutvalget bør delta på folkevalgtopplæringen til kommunestyret. Samtidig oppfordret vi også til at den kommunale egenkontrollen må gis god plass i folkevalgtopplæringen. Et godt lokaldemokrati krever en god egenkontroll. Kunnskap er bærebjelken for å få dette til.

**Veileder påse-ansvar overfor regnskapsrevisor:**

Flere har etterspurt veilederen. Den er like rundt hjørnet den også 😊



**Kurs i påse-ansvaret overfor regnskapsrevisor:**

Invitasjon kommer! Noter datoene **5.-6. november**, Lillestrøm Scandic Hotel

**Styret:**

Styret hadde møte 14. august 2019. Protokollen er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging) her finner du også et lite bildereferat fra FKTs arrangement i Arendal.

Da gjenstår det å ønske lykke til med valget og tusen takk for følge til dere som ikke blir med videre.

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær





**PS 40/19 Eventuelt**